

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 04.05.2017

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- BEHANDLING AV SØKNAD OM KJØP AV TILLEGGSAREAL TIL BUSTADTOMT GBNR. 45/70 KJELLEVOLD
- LØYVE TIL SAL AV ØL/RUSBRUS FOR PERIODEN 2016-2020 - PRESISERING AV SALSTIDER
- GODKJENNING AV OFFENTLEG - PRIVAT AVTALE OM FINANSIERING, FRAMDRIFT OG ORGANISERING AV PROSJEKTET NY VEG TIL SKIPAVIKA
- STANDARD ABONNEMENTSVILKÅR FOR VATN OG AVLØP
- KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN FOR TAKLE VASSVERK
- GODKJENNING AV SAMARBEIDSAVTALE OM OPPLÆRINGSTILBOD TIL MINORITETSSPRÅKLEG UNGDOM
- OPPSTART AV HOVUDPROSJEKT - HOVUDPLAN FOR VASSFORSYNING OG AVLAUP - GODKJENNING AV FINANSIERING
- HØYRING AV VEDTEKTSENDRINGAR I STIFTINGA BJØRN WEST MUSEET

Stad: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik

Tid: torsdag 04.05.2017 kl. 12.00.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører



Frå ordføreren

Påska er her, og vi går mot vår og lysere tider. Denne tida er ofte brukt av frivillige til å samle inn pengar til den daglege drifta, anten det er eit grendahus eller eit korps ein er med på å drive, er der mange utgifter som skal betalast. Så støtt opp om marknadane og basarane, det er eit fantastisk arbeid som vert gjort rundt om i alle laga våre.

Den 25. mai skal Gulen kommune vere startsted for sykkelløpet Tour des Fjords. Starten av etappen skal vere i Brekke, og etappen skal gå til Nordheimsund. Dette er eit stort arrangement som vi har teke på oss, og vårt mål er at dette skal verte ein familie- og festdag der vi kan ha det kjekt i lag. Vi vil like over påske be alle lag og organisasjonar i Brekkeområdet inn til eit møte det vi innbyr til eit samarbeid. Dette vert moro, og det vert stor stas å få mange av dei store sykkelstjernene på besøk.

Fyrste helga i april var det fylkesmønstring i UKM (Ung kultur møtes) i Høyanger, eit arrangement der unge utøvarar av musikk, dans, bilete og anna møtes for å vise kvarandre og publikum kva dei driv med. Det var eit fantastisk høgt nivå blant ungdommen, og våre deltakarar gjorde eit svært godt inntrykk, noko som resulterte i at heile tre deltakarar frå Gulen går vidare til landsmønstringa i Sandnes i juni, og får vise seg fram for eit endå større publikum. Dei tre er: Bjørnar Oppedal, Folke Melbye og Didrik Mjanger. Gratulerer så mykje til dykk alle, de er flinke.

Eg er stolt av frivilligheita og kulturlivet i Gulen, de gjer alle ein kjempejobb, noko som gjer at det er kjekt å bu i bygdene våre.

Mvh Hallvard Oppedal
Ordfører

Stortings- og sametingsvalet 2017



Den 11.09.2017 er det stortings- og sametingsval i Noreg. Ved stortingsvalet i 2017 skal det veljast fire representantar til Stortinget frå fylket, tre distriktsrepresentantar og ein representant valt som utjamningsmandat.

Kven har røysterett?

Du må

- vere norsk statsborgar
- vere fylt 18 år innan utgangen av valåret
- vere, eller nokon gong ha vore, folkeregisterført som busett i Noreg
- ikkje har mist røysteretten din etter Grunnlova § 53
- stå innført i manntalet i ein kommune

Veljarar busette i Noreg

Alle personar med røysterett blir automatisk førte inn i manntalet i den kommunen der dei var registrerte som busette 30.06.2017.

Dersom du har meldt flytting til ein annan kommune etter 30.06.2017, er du framleis registrert i manntalet og har røysterett i den kommunen du flytte frå.

Husk å melde flytting! Dette gjer du elektronisk på skatteetaten sine nettsider.

Plan og prosjektnytt

Plannytt:

Reguleringsplanar som pågår:

- Stolvåneset Brandanger
- Gulen Industrihamn
- Oppdrettsanlegg Ortneset
- Mjåsundet Industripark
- Skipavika Industripark

Prosjektnytt:

- Utleigebustader Eivindvik: Prosjektet har drege litt ut i tid, men byggearbeidet vil no ta til.
- Trafikktryggingstiltak Byrknes: Prosjektet er no nærast ferdig.
- Oppedal bru: Arbeidet på brua startar om kort tid.
- Hovden Barnehage: Arbeidet med barnehagen er godt i gang. Ferdigstilling ultimo 2017.
- Brekke Barnehage: Arbeidet er godt i gang. Ferdigstilling ultimo 2017.
- PU-bustader/aktivitetssenter Dalsøyra: Tildelt entreprenør. Bygging startar no i vår og er venta ferdig i 2018.
- Stadutvikling Eivindvik: Er starta opp. Skal innhente tilbod på prosjekterande. Det praktiske arbeidet i prosjektet vil skje i løpet av forsommaren.

Vassverktbygging:

Prosjektet for auka levering av vatn til Sløvågområdet er ferdig. No pågår det planarbeid for å betre vassforsyninga til m.a. Ånneland.

Eit anna prosjekt er utbygginga /oppgraderinga av vassanlegget i Eivindvik i samband med utbygginga av Prestesundet bustadfelt. Det skal m.a. byggjast eit tenleg høgdebasseng ovanfor bustadfeltet.

Utbetring av veg til Hisarøy:

Det vert no starta eit planprosjekt for vurdere noko utbetring av veggen på Hisarøy. I dette ligg legging av ferister, etablering av snuplassar og kanskje noko utviding av veggen ved Vabbeneset.

Ventilasjon Dalsøyra barnehage:

Nytt anlegg skal på plass i 2017.

Asfalteringsarbeider:

Det er prioritert asfaltering på vegane i Gulen slik i 2017:

- Hantveit
- Solstrandvegen-Hauge
- Brandanger

Utbetring og sikring av Storeelva i Instefjord:

Arbeid pågår.

Hovedplan vatn/avløp:

Arbeidet med ein hovedplan er viktig for å vurdere og prioritere tiltak innan vatn- og avløpsområdet. Arbeidet startar no og skal vere ferdig i 2018.

Olavkrossen heim til 17. Mai!

Olavkrossen er endeleg på veg til Gulen, og vil bli ønskt velkommen heim med ein markering 17. mai.

14.-15.08.2017 vert det vidare høgtidleg avduking av Olavkrossen ved Riksantikvar Jørn Holme, akkompagnert av Gulatingseminar, kulturinnslag og festmiddag. Alle er inviterte til seminaret. Nærmare informasjon vert kunngjort seinare.

Gulatingseminar 14.-15.08.2017

Gulatingseminaret i år vil ha som tema «Forvaltning av freda kulturminner». Det vil også ta føre seg kva som skjer når det oppstår skade.

Seminaret er ope for publikum etter påmelding. Dagen vert avslutta med kulturmarkeringar og festmiddag for inviterte gjester.

Å reparere ein kross frå 1000-talet

Krossen har vore til reparasjon hjå Arkeologisk Museum i Stavanger etter at den vart skadd våren 2012.

Ansvarleg tekniskar Geir Oskar Magnussen ved universitetet i Stavanger, Avdeling Konservering har hatt det ansvarsfulle arbeidet å lage den tekniske løysinga for at krossen kunne returnerast til Eivindvik, og settast opp der den sto utanfor kyrkjeporten. Det har ikkje vore heilt enkelt.

Etter at den keltiske krossen knakk, vart det klart at det ikkje var mogleg å støype den fast att. Krossdelen på toppen er simpelthen for tung (650 kg) i høve den spinkle søyla (410kg), og bruddflata veldig smal. Krossen vert difor sett opp att på same stad som tidlegare, støtta opp av ein stålkonstruksjon som er fundmentert 1.35m ned i bakken. Her vert nederste delen av krossen støypt fast, medan øverste delen av krossen vert halde i posisjon over søyla ved hjelp av ein stålkonstruksjon der krossdelen «kvilar» i tilpassa bøyer. Det vert difor tydeleg at noko har hendt med krossen.

Eit betydningsfullt kulturminne

Olavskrossen er ikkje åleine om å ha fått skade. Rundt Nordsjøen er det mange ulike krossar som opp gjennom tida har fått skader. Men dei står likevel i landskapet der dei alltid har stått, fordi det er der dei har ein betydning. Likeeins med Olavskrossen. Skada frå 2012 er no ein del av Olavskrossen si historie, men skada fortel og ei historie.

Velkommen heim!

Krossane i Eivindvik er symbolberarar og historieforteljarar berre der dei står, i landskapet, ute i vér og vind. Dei er viktig markørar for Gulatinget og for kristninga av Noreg. Mange i Gulen (og resten av landet) har eit sterkt forhold til desse kulturminna, og ønskjer at dei skal bli verande i landskapet.

Difor er vi glade for at Riksantikvaren støtta at Olavskrossen skulle settast opp att.

Vi gler oss over at Olavskrossen no vendar heim og vert sett opp der den har stått i tusen år.

Lat oss vone at den får stå i minst tusen år framover, og vitne om den mektige historia som har gått føre seg i Gulen.

Bruk av gravferdsbyrå i Gulen kommune

Ved gjennomgang av pleie- og omsorgstenesta sine rutinar ved dødsfall ser vi at det har vore ulike praksis i kommunen. Nokon gongar er det blitt brukt gravferdsbyrå ved stell av våre døde og andre gonger er det heimesjukepleia som har tatt seg av stellet. Heretter vil det vere gravferdsbyrå som tar seg av stell av våre døde.

NAV Gulen



NAV innfører ny måte å jobbe på. Frå 03.04.2017 skal alle som kan, bruke nettløysningar i staden for å gå på NAV-kontoret. Slik skal NAV få meir tid til å følgje opp dei som treng det mest.

Det føregår ein stille digital revolusjon i NAV om dagen. Den skal hjelpe oss å oppnå det befolkninga, politikarane og NAV-medarbeidarane har bedt om i mange år: Fleksible løysningar, god oppfølging, og nok tid til å sjå enkeltmennesket. Då må dei rundt 127 millionar henvendelsane vi får kvart år styrast slik at alle som kan, bruker våre gode sjølvbetjeningsløysningar.

Mindre trafikk på NAV-kontoret

Folk som jobbar i NAV, liker å hjelpe. Nokon likar det så godt at dei trår til der folk strengt tatt kunne fiksa saka heimanfrå ved å bruke nav.no. Gjennom åra har mange blitt vant til å gå på NAV-kontoret og få svar på spørsmål om utbetalingar, meldekort, regelverk, hjelp til å fylle ut skjema og mykje anna. Slike oppgåver skal ikkje NAV-kontoret gjere lenger. Trafikken på NAV-kontora skal avgrensast, og frå 03.04.2017 kjem vi til å konsekvent vise vei til ressursane på nett, telefon og chat der det er mogleg. Viss du likevel treng å snakke med ein veiledar på NAV-kontoret, kjem vi til å be deg ringe og lage ei avtale på førehand. Då kan både du og NAV-veiledaren forberede dykk, og det blir betre kvalitet både på samtala og hjelpa vi kan tilby.

Best info på nett

Den nyaste og mest oppdaterte informasjonen om dagpengar, AAP, sjukepengar og dei andre rundt 50 statlege ytingane i NAV, finnast på nav.no. Der ligger også stadig meir tilpassa verktøy for sjukefråværsoppfølging, og mange gode ressursar for både arbeidsgjevar, arbeidssøklar, familiar, pensjonistar og andre. Når du fyller ut våre elektroniske søknadsskjema, får du god og kvalitetssikra veiledning underveis.

God veiledning på telefon

Treng du hjelp til å bruke NAV-tenestene på nett, får du det enklart på telefon eller chat. Alle som ringer NAVs hovudnummer 55 55 33 33 får svar frå vårt landsdekkjande og profesjonelle kontaktsenter. Der møter du NAV-veileदारar med høg og spesialisert kompetanse på dei ulike fagområda. Deira oppgåve er å være til stades for å veilede og svare på spørsmål - på norsk, samisk eller engelsk. NAV-medarbeidarane på kontaktsenteret skal hjelpe deg å forstå dine rettigheter og plikter. Dei skal bruke eit klart og tydelig språk, og vise vegen vidare viss det er noko du bør gjere eller om det er andre du bør kontakte.

Full oversikt på Ditt NAV

Når du har registrert deg hos NAV, får du ei personleg side på nav.no som heter «Ditt NAV». Der loggar du deg enkelt inn på same måte som i nettbanken, med Bank-ID eller tilsvarande. Når du er innlogga, har du full tilgang til alle dokument i saka di, og kan følgje med på status for søknadar, utbetalingar og mykje meir. På «Ditt NAV» kan du også enkelt kommunisere med sakshandsamaren din. Dialogen mellom dykk blir lagra, slik at du kan gå tilbake og sjekke kva de har blitt einige om.

Hjelp til sjølvhjelp

Nettbasert sjølvbetjening er etter kvart blitt ein naturleg del av kvardagen for svært mange. Dei fleste som oppsøker NAV er erfarne nettbukarar. Men er du blant dei som ikkje får til å bruke data, internett eller smarttelefon, skal vi sjølv sagt ivareta deg også. Du skal få den hjelpa du treng, slik at du etter kvart kan klare deg på eigahand. Alle NAV-kontor har PC'er med nett-tilgang som publikum kan bruke, og våre veileदारar kan vise deg korleis du brukar dei ulike nettløysningane, slik at du får gjort det du skal. Men vi kjem ikkje til å gjere det for deg.

Kva skjer i NAV-kontoret, da?

«Kva skjer egentleg i NAV-kontoret, viss dei ikkje eingong kan hjelpe meg med meldekortet eller ta i mot papirsøknaden min? Kva brukar dei tida på eigentleg?» Slike spørsmål hender det vi får.

Svaret er at NAV-kontoret bruker tida på dei som treng det mest: Ungdom, innvandrарar og personer med nedsett arbeidsevne. Dette er dei gruppene vi er bedt om å prioritere, og dei skal få individuelt tilpassa oppfølging, slik at dei også etterkvart klarer seg sjølv.

NAV-kontoret er altså rett adresse viss du har avtalt møte med ein veileदार, trenger råd og hjelp til å komme i arbeid, eller vil ha veiledning om korleis du kan bruke våre digitale løysningar. For svært mange andre tenester må du oppsøke landets største NAV-kontor, nav.no. Det er til gjengjeld opent dag og natt hele veka.

Velkommen!

Nyttige hugereglar



Ver obs på kva du heller i vasken eller i toalettet!

- Bruk berre miljømerkte vaskemiddel – sjå etter Svana og blomen.
- Bruk rist over sluken i oppvaskkummen
- Ikkje hell matrestar eller kaffigrut i vasken
- Ikkje bruk kjemiske avløpsopnarar som til dømes «plumbo» når avløpet er tett – bruk heller kokande vatn eller mekanisk reingjering
- Ikkje hell olje, løysemiddel eller flytande feitt i avløpet
- Ikkje bruk antibakterielle såpeprodukt eller bleikemiddel som inneheld klor – det drep bakteriane i reinseanlegget
- Ikkje kast hår, bleier, bind, våtserviettar eller Q-tips i toalettet – det kan føre til tilstopping og avløpsproblem

Har du fått deg digital postkasse?

Er du klar for å ta i mot digital post frå kommunen?

Sjå gjerne på kommunen si heimeside for meir informasjon.